



# VITA BREVIS, MORS IMMORTALIS

GJENDIKTING AV TRETTINI LINJER FRÅ  
DE RERUM NATURA AV LUKRETS

Av Eirik Ørevik Aadland

Den romerske diktaren og filosofen Lukrets – egentleg Titus Lucretius Carus – trur ein vart fødd om lag 95 f.Kr., og at han levde i om lag førti år. Me veit lite og ingenting om livet hans, anna enn at han etterlét seg eitt filosofisk verk på vers, *De Rerum Natura*, som tyder «om verdsaltet» eller «om tingas natur». Mangelen på biografiske detaljar kjem nok av at han levde eit ganske isolert liv, og ifølgje tradisjonen var årsaka til isolasjonen at han i fleire periodar opplevde sinnssjukdom – han skal òg ha teke sitt eige liv. Hovudkjelda til begge desse innslaga i hans *curriculum vitae* er kyrkjefaderen Hieronymus (som vart fødd fire hundreår etter at Lukrets døyde), men då Lukrets sin filosofi var sterkt religionskritisk mistenkjer ein at Hieronymus kan ha vore ute etter å sverte både Lukrets og filosofien hans. Korkje sinnssjukdom, sjølv-mord eller kjærleiksdriken som skal ha drive Lukrets inn i galskapen har vel verka spesielt attraktivt på teologar opp gjennom tidene.

*De Rerum Natura* er det første større filosofiske verket på latin, og er eit langt læredikt på over sju tusen heksameter<sup>1</sup> som tek utgangspunkt i den materialistiske læra til Epikur. Det tek for seg mellom anna korleis verdsaltet vart til, korleis samfunnet oppstod, utviklinga av kulturen, natur- og himmelfenomen, sanseapparatet vårt, og ikkje minst korleis mennesket er bygd opp berre av materie. Lukrets gjev i bok III av *De Rerum Natura* ei rekkje prov – somme har identifisert så mange som tjueni ulike – for at sjela òg er av ein stoffleg natur, er bygd opp atom. Dette inneber at sjela, nett som kroppen, går til grunne når me døyr. Den materielle samansetjinga til sjela går i oppløy-

sing, og sjelatoma vert spreidde vidt og breitt med tida, nett som dei andre atoma me er bygd opp av. Den største forskjellen mellom Lukrets og meir moderne fysikalistar er at den førstnemnde meinte at sjela var bygd opp av ein eigen type atom, som var ekstra bitte små, runde og glatte. Provet for dette er at di mindre og glattare partiklar er, di meir mobile er dei. Slik som ein med eit lite pust kan få ein haug valmuefrø til å rase saman, men ikkje ein steindunge eller ei samling maiskorn, kan sjela strøyme raskare enn noko anna ut i lemmene og setje dei i rørsle. I tillegg vert ikkje ein kropp noko lettare når han døyr; dette vitnar òg om kor ørsmå desse partiklane må vere.

Ettersom sjela òg går til grunne med døden, er det umogleg at me kan oppleve noko som helst når me er døde. Dette argumentet skal syne at me ikkje kan pinast eller plagast *etter* døden, og me har difor ingenting å frykte *i* døden. Lukrets fortel sine samtidige (og kanskje òg notidige) at dei grufulle forteljingane dei har høyrd om pinsler i underverda, berre er parablar for det vonde folk opplever i sine jordiske liv – dette er éi av mange sanningar som kan verke sjølv-sagde eller «vitskapleg prova» i dag, men som nok var kontroversielle i hans samtid, og lenge etter. Iveren Lukrets utviser etter å forklare folk at dei ikkje treng frykte døden er òg ein indikasjon på at førestellingar om skrekk og gru i tilveret etter døden var vanlege òg i førkristen romersk folketru, og Lukrets meinte rett og slett at dette var overtru (*religio*) som ein burde kvitte seg med.

Hans syn på religion minner altså om Marx<sup>2</sup> sitt, og generelt kan ein seie at Lukrets var tidleg ute (men sjølv-

sagt ikkje den første; han gjer det klart kor mykje han skuldar Epikur) med å leggje vekt på det *materialiserte* i sin filosofi, slik som til dømes historisk materialisme, fysikalisme, Nietzsche og Darwin kom til å gjere seinare.<sup>3</sup> Eitt av dei mange prova på at sjela er materiell, er at ettersom sinnet<sup>4</sup> vert påverka når ein vert truffen av ei materiell pil, må sinnet òg vere av ein materiell natur. Det same vert prova ved å påpeike at ein med tankekraft kan setje kroppen i rørsle. Dette har klare parallellar i Donald Davidson sitt prinsipp om (psykofysisk) kausal interaksjon: «In particular, I would urge that the fact that someone sank the *Bismarck* entails that he moved his body in a way that was caused by mental events of certain sorts, and that this bodily movement in turn caused the *Bismarck* to sink,» og «... if a man perceives that a ship is approaching, then a ship approaching must have caused him to come to believe that a ship is approaching» (Davidson, 2001, 208). I utdraget nedanfor finn me òg ein light-variant av ideen om *den evige gjenkomst*, som Nietzsche rett nok gjer ein del meir ut av, og som er ein tanke eldre enn Lukrets, men prinsippet er det same: Tida er uendeleg og materien er endeleg, så verda (hjá Lukrets: mennesket) må ha vore akkurat slik ho er no mange gonger tidlegare (hjá Nietzsche: uendeleg, både i fortid og framtid). Lukrets er tilfeldigvis den første tenkjaren det er vist til i Nietzsche si første publiserte bok (*Tragediens fødsel*), så kven veit, kanskje han sat og las *De Rerum Natura* sumaren 1881 i Sils-Maria?

I *Amores* skriv diktaren Ovid: «Carmina sublimis tunc sunt peritura Lucreti / exitio terras cum dabit una dies» – «versa til den store Lukrets vil fortapast berre den dagen verda sjølv går til grunne» – under er mitt vesle bidrag til å sørge for dette.

#### NOTER

1 Seksfota, gjerne daktylisk versemål.

2 ... som forresten skreiv doktoravhandlinga si om Epikur.

3 Jean-Claude Milner samanliknar ulike former for materialistisk tenking i *L'œuvre claire*, frå Lukrets via Kapitalen av Marx til Lacan sine verk.

4 Ei lita presisering: Sinnet er for Lukrets sjela sitt hjarte, og er lokalisert i brystet, ettersom det er der me føler sinnsstemningar som sakn, motløyse, redsle og glede, medan sjela er spreidd rundt i heile kroppen og vert dirigert av sinnet, som er sentrum for tanke, kjensler og så bortetter.

#### LITTERATUR

- Davidson, D. 2001, *Essays on Actions and Events*, Oxford University Press, Oxford.  
 Lucretius. 1917, *De Rerum Natura. Libri Sex*, Scriptorum Classicorum Bibliotheca Oxoniensis, Oxford.  
 Lucretius. 1978, *Om tingenes natur*, Aschehoug, Oslo.  
 Milner, J.-C. 1995, *L'œuvre claire*, Le Seuil, Paris.

#### **De Rerum Natura, bok III, vers 830 til 869:**

Ingenting er altså døden for oss, ikkje ringaste grann, ettersom me veit at sjela òg dødeleg er av natur. Nett som me ingenting leid i ei fortid som no er oss fjern, den gong kartagarar rusta til kamp rykte fram allstadsfrå, då heile verda vart rysta av krigens mest fælslege larm, skalv i opprørte skak under himmelens høgaste kvelving, og det var uvisst kva part skulle falle og kven som i siger ville få herske på jord og til havs, over alle lands folk, slik òg når me ikkje lenger skal vere, når kroppen og sjela vert rivne sund, dei som samanføydd utgjer eit levande heile, sjølv sagt vil slett ikkje nokon ting, når me jo ikkje er til, då kunne hende oss, ei heller kan noko røre vår hug, ikkje om jorda med havet vart blanda, hav òg med himmel.

Og om så sinnet og sjela sitt vesen, sjølv etter at kroppen er riven bort, skulle vise seg å ha kraft til å føle, likevel tyder det inkje for oss, som er føydde i saman av både lekam og sjel, desse vigsla til heilaste einskap. Ja, sjølv om stoffet me er av på ny vert sett saman av tida, etter vår død går attende til den formasjon det har no, slik at me atter ein gong så vert skjenkte ljuset og livet, gjorde det likevel inkje for oss om alt dette hende, når alle minne om livet var brotne av éin gong for alltid.

Ingenting av det me før vel har vore rører oss lenger, ei heller lèt me vår uro frå fortida engste oss meir. Sjå no tilbake på tida, uendeleg brer ho seg ut, stoffet er evig i rørsle og vert arrangert på nytt vis, enkelt kan me feste lit til den tanken at våre partiklar ofte kan ha vore samla i fortida, i nett den orden som dei er i her og no, desse frø som me er bygde opp av. Men me kan slett ikkje gjenkalle det som har skjedd oss i livet, når det tek slutt vert minna spreidde så vidt rundt omkring, fjerna frå kjensle og tanke, og då kan me aldri meir nå dei.

Den som vert sjuk og ulukkeleg eller på anna vis pinast, han må jo sjølv vere til på det tidspunkt når smertene slår han. Men han er fridd gjennom døden frå utsikter til noka plage, ikkje eingong vil det valde han skade å hoggast i bitar. Så det er klart at for oss er det inkje å frykte i døden, ikkje kan han gjerast uglad som ikkje er til, og det same gjaldt om han aldri var fødd, for frå dette er forskjellen ingen når ein gong dødeleg liv vert gjort slutt av den evige død.